



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Svein Arne Orvik

Arkivsak: 2010/453

Løpenr.: 6843/2016

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
16/13	Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2016
16/47	Levekårsutvalet	06.06.2016
16/66	Teknisk utval	02.06.2016
16/67	Ulstein formannskap	07.06.2016
	Ulstein kommunestyre	

Saka gjeld:

KOMMUNEREFORMA ETTER INNBYGGARHØYRINGA VÅREN 2016

Tilråding frå rådmannen:

- 1 Ulstein kommunestyre viser til retningsvalet 28.1.2016 og resultat frå innbyggjarhøyringane. Med grunnlag i dette er kommunen open for ein dialog med Hareid kommune om ein intensjonsavtale dersom Hareid kommune ønsker dette.
- 2 Kommunestyret gir mandat til forhandlingsutvalet om eventuelt å forhandle fram ein slik avtale.
- 3 Ein ber Fylkesmannen i Møre og Romsdal om utsett frist til 16.9.2016 for gjennomføring av ein slik muleg prosess.

Saksfakta:

Vedlegg:

- 1 Signert intensjonsavtale for Runde kommune - med vedlegg og bakgrunnsnotat
- 2 Protokoll for valstyret – folkerøysting om kommunereform 2016
- 3 Opinionsundersøking om kommunereform
- 4 Folkerøystingsresultat i andre kommunar
- 5 Referat frå møte i ungdomsrådet 2.6.2016
- 6 Søknad om utsett frist for endeleg vedtak om kommunereform
- 7 Søknad om utsettelse av endeleg vedtak

Uprenta vedlegg:

- Innbyggerundersøkingar på Sunnmøre om kommunereform i 2014 og 2015
- Protokoll frå Ulstein kommunestyre 28.1.2016
- Protokoll frå Hareid kommunestyre 17.3.2016

Forhandlingar om ny kommunestruktur

Ulstein kommunestyre vedtok dette retningsvalet for forhandlingar om kommunestruktur i sak PS 16/4 den 28.1.2016:

- «1 Ulstein kommunestyre gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale mellom Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven om å danne ein ny kommune.
- 2 Ulstein kommune vel i denne omgangen å ikkje forhandle om Regionkommune Sunnmøre-alternativet.
- 3 Dersom forhandlingane under punkt 1 ikkje fører fram, kan Ulstein kommune saman med Hareid kommune og flest mogleg av dei andre kommunane nemnt i punkt 1 søke ei alternativ løysing. Regionkommune Sunnmøre kan vere ein del av denne løysinga.»

På grunnlag av retningsvalet har Ulstein forhandla med dei andre kommunane på Ytre Søre Sunnmøre – Hareid, Herøy, Sande og Vanylven – om å danne Runde kommune i fellesskap. Intensjonsavtalen mellom dei fem kommunane vart underskriven 30. mars 2016.

Desse sit i forhandlingsutvalet frå Ulstein: ordførar Knut Erik Engh (Frp), varaordførar Steinar Torvik (KrF), gruppeleiar Renathe Rossi-Kaldhol (Ap), rådmann Einar Vik Arset.

Ulstein har tidlegare vore med på å greie ut eit alternativ som inkluderer Ålesund, men har ikkje tatt del i forhandlingane om dette.

Ulstein kommune tok i mars 2016 initiativ til tosidige forhandlingar med Hareid. Hareid kommunestyre handsama 17.3.2016 sak PS 25/16 *Forhandlingar intensjonsavtale Ulstein–Hareid* og gjorde dette vedtaket:

- «1. Hareid kommunestyre vel å ikkje gå i direkte forhandlingar med Ulstein kommune på noverande tidspunkt i prosessen.

2. Dersom forhandlingane med dei fem kommunane i «Regionkommune Runde» ikkje endar med ein signert avtale får forhandlingsutvalet mandat til å starte forhandlingar med Ulstein kommune.

3. Forhandlingsutvalet for dette alternativet vert :

- Ordførar Anders Riise – leiar
- Varaordførar Kristian Fuglseth
- Annika Brandal
- Ranja Dimmen Alme

- Truls Håbakk

Frå administrasjonen:

- Bent Arild Grytten
- Kai Rune Bjørke»

Innbyggjarhøyring i Ulstein kommune i 2016

Innbyggjarane har vorte høyrde gjennom folkemøte på Sjøborg kulturhus 18. april og i krinsane i februar, ungdomskonferanse 2. mai, opinionsundersøking i april, rådgivande folkerøysting 19. mai m.m. Alle husstandane har fått tilsendt ein informasjonsbrosjyre om intensjonsavtalen.

I folkerøystinga deltok 37,1 prosent av alle med røysterett. Blant 16- og 17-åringane deltok 44,5 prosent.

Resultatet vart slik:

- 24,6 prosent røysta på alternativet "Eg vil at Ulstein skal danne ein ny kommune saman med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven".
- 62,8 prosent røysta på alternativet "Eg vil at Ulstein skal halde fram som eigen kommune".
- 3,4 prosent røysta på alternativet "Eg veit ikkje".
- 9,2 prosent røysta blankt.

I opinionsundersøkinga intervjuar Opinion AS eit representativt utval på 500 blant innbyggjarane i Ulstein.

På spørsmålet «Er du for eller imot at Ulstein slår seg saman med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven?» fordeler svara i undersøkinga seg slik:

- 56 prosent er for.
- 31 prosent er imot.
- 12 prosent svarar «verken for eller imot».
- 1 prosent svarar «veit ikkje».

Dei spurde seier dette om kva alternativ dei føretrekker dersom Ulstein, Hareid, Herøy, Sande og Vanylven ikkje slår seg saman:

- 63 prosent føretrekker då at Ulstein og Hareid slår seg saman.
- 24 prosent føretrekker då at Ulstein held fram som eigen kommune.
- 11 prosent føretrekker då at Ulstein blir med i ein større regionkommune saman med bl.a. Ålesund.

Etter retningsvalet i Ulstein kommunestyre i januar 2016 har altså Ulstein forhandla med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven om å danne ein ny kommune, forhandlingane leidde fram til intensjonsavtalen om Runde kommune.

Innbyggjarhøyringane gir etter vår vurdering ikkje grunnlag for å arbeide vidare med Runde kommune-alternativet. Det vert gjort framlegg om at Ulstein kan forhandle fram ein intensjonsavtale med Hareid kommune dersom Hareid ønsker dette.

Vurderingar og konklusjon:

Innbyggjarhøyringane på Ytre Søre Sunnmøre viser at det ikkje finst tilstrekkeleg støtte til å arbeide vidare med Runde kommune-alternativet.

Spørjeundersøkingar i både 2014 og 2015 (i regi av Sunnmøre Regionråd) og i 2016 (opinionsundersøkinga i Ulstein) har vist eit stort gjensidig ønske blant folk i Ulstein og Hareid om at dei to kommunane skal søke saman. I 2014 ønskte 92 % i Ulstein samanslåing med Hareid (vice versa 91 %), i 2015 var talet 91 % (vice versa 78 %). Ønsket om samanslåing mellom andre kommunar enn desse to var langt mindre, både blant innbyggjarane i Ulstein og Hareid. I opinionsundersøkinga frå 2016 var samanslåing med Hareid det klart mest populære alternativet blant folk i Ulstein dersom Runde kommune ikkje blir noko av.

Dersom Hareid kommune ønsker det, er det såleis grunnlag for dialog mellom Ulstein og Hareid om ein intensjonsavtale om å danne ein ny kommune.

23.05.2016

Einar Vik Arset
rådmann

Svein Arne Orvik
politisk sekretær